

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. 11.

Herad: Kyrkjebø

Emne: Røtter, tang og Tare,  
Oppskr. av: Anders H. Berge.

Bygdelag: Berge m. fl.

(adresse): Nordeide.

Gard: Berge garane m. fl.

G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis eiga røyndslle.  
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

## SVAR

Spursmål 1. Dei siste 100 åra har ikkje vore brukt røtter  
 For. Dei nå levande menneske kjenner ikkje til dette nauds-  
 for.

Spursmål 11. Tang og tare. Tang:

1. Tang var brukt for 50-60 år sidan men sidan aldriг.  
 Mine besteforeldre og forældre brukte tang til grisemat.  
 Dei skar tanga om kvelderne og lagde henne i vatn. om mor:-  
 gonen tok dei tanga å skolte henne i heit vatn, hakke den  
 fin med øks på ein trestabbe og så kokte dei tanga til den  
 vart som ei drefje. Då tanga var kald strødde dei havre-  
 mjøl på og bar det inn til griserne. Det skulde vere god  
 grisemat, sa dei gamle. Tangmaten brukte de berre eingong  
 på dagen.

2. Denne mat brukte dei frå hausten til påske.

3. Reidskap var sigd slike som dei brukte til å  
 loa på åkeren med.

6. Ja drav eller mask brukte dei gamle og det er også  
 brukt idag. Dravet åt både hester og kyr slik som det  
 kom ifrå rosten. Det vert aldriг blanda med salt eller  
 noko annat.

7. Det har aldriг vore brukt her.

VL. Fiskeavfall.

1. Nei her har aldriг vore brukt fiskeavfall til nøds-  
 for.

6208

2029

2. Her vert ikkje nytte turka fiskeavfal.  
3. Nei .  
4. 5.6. og 7. Her aldri vore brukte slike rådgjærder.

Berge den 20/10 1948.

Anders H. Berge.

2029